

## **Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune for 2027**

Fastsett av kommunestyret i Vindafjord kommune [dato] med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) §§ 19 og 19 a og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1, jf. § 6.

### **§ 1. Verkeområde og ikraftsetjing**

Forskrifta fastset satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19 første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.

### **§ 2. Satsar for grunntilskot**

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar skal følgjande satsar per heiltidsplass nyttast.

Ordinære barnehagar:

Barn 0–2 år:                   kr 284 083 per heiltidsplass

Barn 3–6 år:                   kr 151 076 per heiltidsplass

### **§ 3. Grunnlaget for satsane og atterhald om endringar**

Satsane er berekna på grunnlag av den sist tilgjengelege kommunerekneskapen, som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane berekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå berekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønsvekst i kommunesektoren).

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalprisen for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn den nasjonale maksimalprisen



- nasjonale styresmakter vedtek endringar i lov eller forskrift i løpet av tilskotsåret som fører til endringar i berekninga av satsane

Eventuelle justeringar av satsane som følgje av forhold nemnde ovanfor, vert gjorde administrativt utan førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c. Justerte satsar vert formidla til dei private barnehagane, og forskrifta vert oppdatert utan ugrunna opphald.

#### **§ 4. Dokumentasjon av berekninga**

Berekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk. Grunnlaget for berekninga er dokumentert i dokumentet "Berekning av tilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune 2027". Dokumentasjonen er utarbeida i samsvar med rettleiar frå KS/PBL.

#### **§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot**

Kommunen fastset tilskot til den enkelte private barnehage gjennom enkeltvedtak i samsvar med barnehagelova §§ 19 a–c og finansieringsforskrifta § 3. Vedtaket skal byggje på satsane som er fastsette i denne forskrifta.